

Referat frå møte i FAU

23.04.18

20.00 – 22.00

På personalrommet til Vinjar skule

Møte innkalla av:	Maria Klungtveit		
Møteleiar:	Maria Klungtveit	Skrivar:	Marit Eikeland
Møtedeltakarar:	Maria Klungtveit, Lars Fisketjøn, Randi Steine, Arne S. Mehus, Gunn Kristin Stråpa, Ragnhild Sukka, Åsta Hedvik Bråtveit, Lise Renate Tistel, Runar Vold, Ragnhild Sagsveen, Åsne Hagen og Marit Eikeland, Meldt forfall: Siv Svennes, Marianne Kristiansen og Sverre Vik		

Sak 17 2017/2018 Godkjenning av referat og innkalling

- Godkjent, med korrigerings av saksnummer på innkallinga.

Sak 18 2017/2018 Loppemarknad

- Det blir loppemarknad i foajeen tysdag 29. mai kl 17-19
- Inntektene skal gå til Redd Barna
- Det blir sendt ut informasjon torsdag 3. mai.
- Innlevering lopper vil ske måndag 28. mai kl 18-20. Då vil Gunn Kristin, Siv, Åsne og elevrådet rigget til. Andre medlemmer i FAU må kanskje hjelpe til dersom det kjem inn mange lopper.
- Skulen kan oppfordre alle elevane til å ha med minst 1 leike/bok/osb. til loppemarknaden

Matsal

- Langpannekaker: Maria, Lise, Marit, Gunn Kristin, Ragnhild Sukka og Ragnhild Sagsveen
- Skulen spanderer kaffe
- FAU sponser saft, kopper og servietter (handler på Joker og skriv på FAU)

Betaling

- Ragnhild Sukka ordnar ein vipps konto
- Me tek også i mot kontantar

Annonsering

- Elevrådet lagar plakatar
- Elevrådet kan lage ei omtale til Suldalsposten
- Kommunen si facebookside

Organisering av loppemarknaden

- Elevrådet eller evt. 2 frå kvar klasse sel lopper
- Det blir laga ulike bord med same prisklasse

Sak 19 2017/2018 Gjennomgang av arbeidsoppgåver i FAU

-
- Arkivering av FAU-referat og andre FAU-papirar: Maria gir permene til Åsta. Så kan dei gamle permene stå på skulen. Referat blir publisert på heimesida til skulen. Så me lagar ikkje ein perm med utskrift av referat. I dag er samfunnet digitalt.

Fordeling av roller i FAU

- Det blei diskutert arbeidsfordeling mellom dei ulike rollene i FAU. Marit lagar eit utkast til arbeidsfordeling til neste møte.
-

Sak 20 2017/2018 Rutinar ved val av nytt FAU-styre

- På det siste FAU-møtet før sommaren blir både «gamle» og «nye» medlemmer kalla inn. Blant dei medlemmene som har vore med i eit år og skal fortsetja eit år til, blir det valt kven som skal vera leiar frå hausten av.
 - Resten av FAU-styret blir konstituert til hausten.
-

Sak 21 2017/2018 Meldingar frå rektor

Resultat av elevundersøkinga i 7. klasse

- Åsta viste ein kort oppsummering av Vinjar skule si scoring på elevundersøkinga samanlikna med Suldal kommune, Rogaland fylke og nasjonalt.
 - Undersøkinga syner at skulemiljøet på Vinjar er veldig bra.
 - Åsta seier at skulen har hatt mykje fokus på eit godt skulemiljø og ein fast struktur i skuledagen har vore viktig.
-

Orientering om prosjektet «Ansvarleg vaksen»

- Dette er eit prosjekt som gjeld heile kommunen. Hensikten er å skape ein felles haldning mellom vaksne og barn og unge. Dette gjeld både på skulen og på fritida med organisasjonsliv og i dei ulike heimene. Ungane skal møte dei same haldningane/«reglane» uansett kor dei er.
 - Det vil bli eit informasjonsmøte for alle foreldre etter sommarferien.
 - Skulane skal få ein del felles reglar for kva som er lov og kva som ikkje er lov. Det skal også bli likt reaksjonsmøte viss ein bryt reglane.
-

Anna

- Skulen mistar litt ressursar på fagarbeidar og lærar til neste skuleår
 - Eine-timar med å ta ut elevar vil det mest sannsynleg bli slutt på. Ungar som er i klassen lærar betre enn dei som blir teke ut av klassen.
 - Kari Koch går av med pensjon. Katrine Kroken Lono har foreløpig ikkje fått fornya vikariatet sitt. Marta Bakka Lunde og Jon Inge Vetrhus blir nye lærarar på skulen.
-

Sak 22 2017/2018 Ymse

KFAU har sendt brev til kommunen og bruk av vikarar. KFAU ønskjer at alle som fungerer i lærarstillingar skal vera kvalifiserte. Dei legg også vekt på at det er viktig at kommunen tilbyr vidareutdanning for dei lærarane som ønskjer det.

KFAU har sendt klage på sfo-vedtaket til kommunen.

10. klasseset

Frå no av skal pengane til denne turen leggast inn i budsjettet for ungdomsskulen og ikkje tas frå

grendeskulene. Turen skal vera til Oslo.

Elevane må framleis jobbe dugnad for å samle inn pengar til å delta på sosiale aktivitetar slik som t.d. Tusenfryd, i løpet av turen.

Leksefri skule

Det er kome innspel frå nokre foreldre. Kva tykkjer Vinjar om leksefri skule? Kva moglegheiter finst? FAU spelar ballen vidare til rektor og lærarane. Viss det er aktuelt at leksene forsvinn, så må me vite kva konsekvensar det vil få?

Vanndispensaren

Åsta jobbar med pristilbod på ny/reparasjon. Det er viktig å fortelje elevane konsekvensane av hærverk. Kva kostar det?

Foreldrene må også vera klar over at dei har erstatningsansvar viss elevane øydelegg ting med overlegg.

Vaktmeisterstillinga

Hermod Hoftun har gått av med pensjon. Morten Guggedal er tilsett fram til sommaren i ein 60% stilling.

Søppelryddedag

3. mai er det «Heile Noreg ryddar». FAU utfordrar skulen til å delta på arrangementet.

Trafikktryggleik

Maria sender ein mail til kommunen og etterspør eit svar på kor i saksgangen trafikktryggleiksbrevet vårt ligg.

Neste møte blir måndag 11. juni kl. 19.30. Alle må gi kontaktinfo på ny foreldrerepresentant til Maria slik at dei også kan bli kalla inn på møtet.

26. april 2018
Marit Eikeland
skrivar